

# **Anmodning om omgjeriing av områderegeringsplan for Holmaneset, Bremanger kommune (Plan-ID: 202301)**

## **1 Innleiing**

Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) stadfesta områderegeringsvedtaket for Holmaneset 18.12.2025 (plan-ID 4648\_202301) den 09.06.2026. Vi ber med dette om at Kommunal- og distriktsdepartementet (KMD) omgjer SFVL sitt vedtak, idet vedtaket lir av ei rekke feil og manglar som gjer at vi meiner vedtaket må kjennast ugyldig etter forvaltningslovas §41.

Planen legg til rette for etablering av eit storulykkeanlegg for hydrogen- og ammoniakkproduksjon i eit område med nasjonalt store naturverdiar. I vedtaket legg Statsforvaltaren avgjerande vekt på at samfunnsnytta i denne saka trumfer dei nasjonale naturverdiane, utan at verken kommunen eller SFVL har gjort sjølvstendige vurderingar av kva denne samfunnsnytta faktisk inneber. Naturreservatet Tennøyane ligg 1000–1500 meter frå planområdet som er, ifølgje konsekvensutgreiinga (KU), forventa å bli forringa av planane, sjølv utan at konsekvensar av uønskte hendingar eller ammoniakkutslepp er vurdert.

I fråsegna frå Statsforvaltaren 19.02.2025<sup>1</sup> blir det uttrykkeleg slått fast at det føreligg grunnlag for motsegn. Når det gjeld å vurdere motsegn, er Statsforvaltaren si rolle å sikre at nasjonale og vesentlege regionale interesser blir ivaretekne, jf. Statlege planretningslinjer. At SFVL lar uavklara kommunale og private næringsinteresser trumfe nasjonale naturverdiar, og ikkje legg til grunn omsyna nedfelt i naturmangfaldslova som også kjem fram i statlege planretningslinjer mellom anna for areal og mobilitet, framstår høgst mangelfullt.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner stadfestinga inneheld ei rekke sakshandsamingsfeil, og at Statsforvaltaren ikkje har gjort sjølvstendige vurderingar for samfunnsnytta, nasjonale naturverdiar, herunder naturreservatet Tennøyane, boreonemoral regnskog, gytefelt for kysttorsken, ålegrasenger, Nordens største førekomst av Fossegrimemose og for flaggermus verna etter BAT konvensjonen.

---

<sup>1</sup> [SFVL endelege fråsegn 19.02.2026](#)

Vi vil herunder gjere KMD merksam på dei mest openbare sakshandsamingsfeila som aleine burde ført til omgjerung av vedtaket.

- Alternativvurderingane vart ikkje vurdert i forbindelse med dei endelege fråsegna 19.02.2025<sup>2</sup>
  - Opplysningane i alternativvurderingane<sup>3,4</sup> vart ikkje kontrollert. Vi nemner her døme som:
    - Det står det er tilgjengeleg vatn frå offentleg nett eller vasskraftverk på Holmaneset
    - Kulturminne er vekta ubetydeleg, til tross for at UiB må grave ut Kulturminne ID 317534
    - Alle andre lokasjonar er vekta for vatn, avlaup, straum, infrastruktur og kommunikasjon i Fortescue sin lokasjonsstudie
    - Tennøyane naturreservat er ikkje vektlagt i alternativvurderingane for Holmaneset
    - Navarsete har gjennom vervet i Narvik Havn som strategi å etablere næring på Framneslia og Ballangseira, som er vekta etter strengare kriterier enn Holmaneset
    - Opplysningane om Smørhamn (Nasjonal arealplanid 4648\_201206<sup>5</sup>), vart ikkje kontrollerte til tross for at desse strir med gjeldande arealplan som seier det grå området er tiltenkt olje, gass og energiproduksjon, med gode djupne og kai-forhold.
- Statsforvaltaren har ikkje vurdert kva 144 MW<sup>6</sup> energitap vil ha å seie for samfunnsnytta, eller vurdert dette i forbindelse med alternativvurderingane
- Statsforvaltaren har ikkje sjølvstendig vurdert samfunnsnytta
- Det er planlagt for fleire støyande installasjonar i etterkant av høyringane, noko som gjer støyberekningane mangelfulle (dampturbin og avsaltingsanlegg)

---

<sup>2</sup> [Holmaneset - Statsforvaltar i Vestland endelege fråsegn 19.02.25.pdf](#)

<sup>3</sup>

[Vedlegg 13 Vurdering av alternative lokasjonar for hydrogen og ammoniakkfabrikk i Bremanger kommune.pdf](#)

<sup>4</sup> [Vedlegg 12 Alternativvurdering Holmaneset FFI 1537453 1 A 2461199.pdf](#)

<sup>5</sup> <https://arealplaner.no/bremanger4648/arealplaner/69?term=sm%C3%B8rhamn>

<sup>6</sup> <https://www.firdaposten.no/ma-legge-fram-analyse-av-bruken-av-spillvarme-fra-holmaneset/s/5-16-875061>

- Mangelfulle vurderingar for konsekvensane for nasjonal viktig naturmangfald. Til dømes:
  - Tennøyane naturreservat
  - Regnskog
  - Fossegrimemose
  - Flaggermus
- Mangelfulle vurderingar for vassmiljø og vassdirektivet
  - Nordgulen er ein terskelfjord med dårleg kjemisk tilstand og moderat økologisk tilstand
  - Ammoniakkutslepp er ikkje vurdert
  - Gytefelt for kysttorsken vil bli noko forringa av planane
  - Nitrogenavsetjing til fjord er ikkje vurdert
  - Planane inneber utslepp av større mengder varmt spillvatn utan konkrete eller dokumenterte planer for utnytting av biprodukt
- Statsforvaltaren har ikkje gjort ei sjølvstendig vurdering av klimarekneskapen
- Statsforvaltaren har ikkje fulgt opp dei førebelse samordna fråsegna frå 07.11.2020<sup>7</sup>, der SFVL mellom anna etterlyste:
  - Oppdatert klimarekneskap, der SFVL vurderte konsekvensane for klima til å vere moderat
  - Alternativvurderingar
  - Konsekvensar for 16.5 dekar myr
  - Meir informasjon knytt til verknader på Tennøyane
  - Støy for Tennøyane naturreservat er eit plantema som måtte vurderast
- Statsforvaltar burde kome med motsegn i dei endelege fråsegna frå 19.02.2025, der dei mellom anna framleis etterlyste:
  - Alternativvurderingar (SFVL skreiv «Vi meiner elles at alternativvurderingane framleis ikkje er gode nok)
  - Korleis gjenbruk av overskotsvarme og oksygen er avklart i planen
  - Økologisk kompensasjon skal vere reell kompensasjon

---

<sup>7</sup> [Statsforvaltar førebels fråsegn.pdf](#)

- Vesentlege plantema som bruken av overskotsvarme, støy og andre miljøulemper skal vere avklart og ivareteke i planen og kan ikkje utsetjast til seinare søknad om rammeløyve

**Basert på ovannemnte ber Naturvernforbundet Sogn og Fjordane om at KMD snarleg vurderer utsett iverksetting av vedtaket medan anmodninga blir handsama.**

Vi slår òg fast at vi fullt ut står ved innhaldet i anmodningane sendt frå Harris v/ Marianne Sandvik og Folkeaksjonen mot ammoniakfabrikk på Holmaneset, og at vurderingane i dette dokumentet kjem i tillegg til, og styrkjer, dei rettslege og faglege innvendingane som allereie er fremja av andre med klagerett i saka.

Nedanfor gjer vi greie for dei mest openberre manglane i saka som etter vårt syn underbyggjer at stadfestingsvedtaket er ugyldig og må overprøvast av departementet.

## **2 Statsforvaltaren har ikkje kontrollert alternativvurderingane**

Basert på utsagnet frå SFVL i stadfestingsvedtaket på side 19, kjem det fram at Statsforvaltaren ikkje vurderte alternativvurderingar i forbindelse med fråsegna som SFVL gav 19.02.2025.

*I samordna fråsegn frå Statsforvaltaren datert 19.02.2025 er det halde fast ved at alternativvurderinga framleis ikkje er god nok. **Vi viser til at vedlegg 13, der alternative lokasjonar i Bremanger kommune er vurdert, er datert 20.03.2025, altså etter Statsforvaltaren heldt fast ved at alternativvurderinga var mangelfull.** Det er denne vurderinga av (lokale) alternativ som Statsforvaltaren tidlegare har etterlyst som ein del av planprosessen og vurderingane i planarbeidet.*

Vi vil her gjere KMD merksam alternativvurderingane vart oversendt til SFVL 29.11.2024<sup>8</sup>, og burde vore kjent og kontrollert av SFVL før fråsegna vart sendt.

---

<sup>8</sup> [Oversending av alternativvurderingar etter at SFVL varsla motsegn i oktober 2024](#)

I omgjeringsvedtaket frå 07.10.2025 skriv SFVL at, basert på naturverdiane i området, så er dokumentasjons- og utgreiingskravet knytt til alternativ lokalisering skjerpa, likevel vart ikkje alternativvurderingane vurdert i fråsegna eller opplysningane i desse kontrollert.

Naturvernforbundet er i den oppfatning av at val av lokalisasjon har påverknad på samfunnsnytte då det å bygge på grå areal, med område tilgjengeleg for utnytting av biprodukt, ville påverka samfunnsnyttegrunnlaget. Å bygge på grå areal framfor grøne er elles i tråd med statlege retninlgslinjer og veikart til grønt industriløft.

At alternativvurderingane plutsleg likevel var tilstrekkeleg når reguleringsvedtak i mars 2025 og seinare i desember 2025 vart truffe, stiller vi oss uforståande til. Vi stiller oss også uforståande til at alternativvurderingane ikkje har vore kontrollert, då Holmaneset får tilnærma toppscore for vatn, medan VA, straum infrastruktur og kommunikasjon og naturreservatet Tennøyane ikkje var inkludert i vurderingane<sup>9</sup>.

|                       |                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|-----------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Holmaneset</b>     | Tilgang til kraft er begrenset av overføringskapasiteten. Prisen på strøm er relativt lav i regionen. Relativt kort avstand til transformatorstasjon. | Tilgang til kai og veinett. En grunneier. Antatt enkelt grunnnerv. Tilstrekkelig avstand til bebyggelse. Etablering vil kreve store terrengendringer.                                                                                                                           | Tilgjengelig vann fra offentlig nett eller vannkraftverk. Antatt god vannkvalitet. Muligheter for etablering av utslippspunkt for kjølevann i sjø.                                    | Ny kai må etableres. Mulig å etablere kai fra sjøfront. Noe mudring vil være nødvendig. Taubåt vil kreves for å legge til kai. Ny kai kan kobles til produksjonsanlegget. | Nødvendige søknadsprosesser forventes å gjennomføres med moderat varighet. Området er delvis regulert til industriformål og satt av til næring i kommuneplanen. Det er registrert miljøverdier i området som må håndteres gjennom optimalisering av anleggets fotavtrykk.       |
| Vektet poengsum       | 79                                                                                                                                                    | 66                                                                                                                                                                                                                                                                              | 90                                                                                                                                                                                    | 27                                                                                                                                                                        | 38                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Total vektet poengsum | 300 (63 %)                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Framneslia</b>     | God tilgang til kraft. Relativt lang avstand til transformatorstasjon. Prisen på strøm er relativt lav i regionen.                                    | Tilgang til kai og jernbane. Noe krevende tilgang til veinett. Området skal erverves av kommunen. Antatt enkelt grunnnerv. Utdrende nærhet til bebyggelse. Etablering vil kreve store terrengendringer. God tilgang til offentlig infrastruktur for VA, strøm og kommunikasjon. | Tilgjengelig vann fra offentlig nett, men krever vesentlige oppgraderinger av infrastruktur. Antatt god vannkvalitet. Muligheter for etablering av utslippspunkt for kjølevann i sjø. | Eksisterende kai kan trolig benyttes gjennom oppgradering. Istri kai og farled. Kai kan kobles direkte til produksjonsanlegget.                                           | Nødvendige søknadsprosesser forventes å gjennomføres med moderat varighet. Området er ikke regulert til industriformål. Forventes stor negativ påvirkning på samfunn. Det er registrert miljøverdier i området som må håndteres gjennom optimalisering av anleggets fotavtrykk. |
| Vektet poengsum       | 79                                                                                                                                                    | 54                                                                                                                                                                                                                                                                              | 67                                                                                                                                                                                    | 39                                                                                                                                                                        | 22                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| Total vektet poengsum | 261 (54 %)                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                           |                                                                                                                                                                                                                                                                                 |

Utklipp frå alternativvurderingane til Fortescue, der det framstår som om det er vatn, avlaup, straum og infrastruktur på Holmaneset, noko som ikkje stemmer

Vi registrerer i den forbindelse at SFVL hadde andre fagansvarlege i saka ved fråsegna enn klagehandsaminga etter at reguleringsvedtak blei truffe, og at Narvik Havn, der Liv Signe

<sup>9</sup> [Alternativvurderingar Fortescue](#)

Navarsete er styremedlem, har som strategi om å etablere næring på områder (Framneslia og Ballangssleira<sup>10</sup>) som vart vekta etter strengare kriterier enn Holmaneset.

Ved dei førebelse samordna fråsegnene etterlyste til dømes SFVL korleis alternativvurderingane tok omsyn til naturverdiar og klima, utan at dette har vore «reparert» eller fulgt opp:

*Det er ikkje opplyst i kva grad det er gjort vurderingar av kva verknader og konsekvensar dei andre vurderte lokalitetane ville fått for allmenne interesser og omsyn, som biologisk mangfald, landskap og klima. Vi stiller derfor spørsmål om desse alternativvurderingane svarar til krava i KU-forskrifta om vurdering av alternativ lokalisering.*

Vi meiner at desse kunnskapshola illustrerer kor avgjerande det er at utnytting av biprodukt og opprinnelsesgarantiar blir ein integrert del av klimarekneskapen, og også lagt til grunn for i ei alternativvurdering.

Naturvernforbundet er difor av den oppfatninga at Statsforvaltaren ikkje har gjort si plikt som kontrollorgan då dei ikkje kontrollerte alternativvurderingane før fråsegna 19.02.2025. Statsforvaltar legg heller ikkje vekt på Veikart for grønt industriløft sitt klare prinsipp om at «*klima og natur må sjåast i samanheng, slik at viktig natur og økosystem ikkje går tapt for å nå klimamål*»<sup>11</sup>.

---

<sup>10</sup> [Strategisk plan Narvik Havn - slide 5](#)

<sup>11</sup> [https://www.regjeringen.no/contentassets/b5a51f3220474b3197ea21feb260f5b3/no/pdfs/veikart-2\\_0-gront-industriloft.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/b5a51f3220474b3197ea21feb260f5b3/no/pdfs/veikart-2_0-gront-industriloft.pdf)

### 3 Mangelfullt og motstridande vurderingsgrunnlag i Statsforvaltaren sitt vedtak

Vi vil gjere gjeldande at vedtaket frå 09.06.2026 er basert på feil faktum og feil rettsforståing, og at vedtaket inneheld fleire interne motstridar som gjer det rettsleg tvilsamt. Statsforvaltaren konkluderer til dømes fleire stader med at kunnskapsgrunnlaget er «tilstrekkeleg», samstundes som dei i omgjeringsvedtaket frå 07.10.2025 fastslår at naturverdiane skjerpar krava til vurderingar.

Til dømes erkjenner Statsforvaltaren 09.06.2026 at det framleis er «tvil», «mangelfull kunnskap» og at sentrale verknader, som påverknad på Tennøyane naturreservat, nitrogenavsetning, støy, lysureining og varmtvassutslepp, ikkje er tilstrekkeleg utgreidde, sjå side 8 i stadfestingsvedtaket som døme:

*Tennøyane vil kunne bli påverka av lysforureining, støy, auka skipstrafikk, nitrogenutslepp frå fakling og redusert næringstilgang. Det går fram av dokumentasjonen i saka at «Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg for planområdet, sjølv om det kan vere noko mangelfullt knytt til prosjekterelatert lysureining og verknaden av auka skipstrafikk på fuglelivet i Tennøyane naturreservat. Ved vurdering av konsekvens for desse områda er «føre-var»-prinsippet lagt til grunn. Innanfor tiltaksområdet er naturmangfaldet tilstrekkeleg kartlagt, slik at «føre-var»-prinsippet ikkje kjem til bruk.»<sup>20</sup>*

Vidare skriv statsforvaltaren på side 12 i stadfestingsvedtaket:

*Det er framleis noko usikkert korleis verneverdiane på Tennøyane vil bli påverka av t.d. støy og lysureining frå tiltaket på Holmaneset. Det er likevel vurdert at innverknaden på verneverdiane vil vere minimal, og at det er lite sannsynleg at verneverdiane på Tennøyane vil gå tapte som følgje av tiltaka planen opnar for.*

Vurderinga til Statsforvaltaren er ei omskriving av vurderinga til kommunen, og difor framstår den som ei usjølvstendig vurdering.

I fråsegna frå 19.02.2025 understrekar Statsforvaltaren sjølv behovet for ytterlegare avklaringar og at vesentlege plantema **skal** avklarast på siste plannivå (vår utheving):

*Sjølv om det no er lagt inn noko skjerpa krav i føresegna knytt til støy (2.5) og massehandtering (2.12 under dokumentasjonskrav), ber vi kommunen om å ta stilling til og sikre at massehandtering, bruken av **overskotsvarme, støy og andre miljøulemper** er godt nok vurdert, avklart og ivareteke i planen. **Vi minner om at vesentlege plantema skal avklarast på siste plannivå, og ikkje utsetjast til søknad om rammeløyve.***

I etterkant av høyringa som vart avslutta i oktober 2024, har planane opna for fleire støyande installasjonar, som til dømes avsaltingsanlegg (side 9 i stadfestingsvedtaket) og dampturbin (fråsegna side 5). Likevel er vurderingar av støy, overskotsvarme og plassering av enkeltelement utsett til seinare rammeløyve. Dette går fram av kommunen si skriftlege stadfesting 11.06.2026<sup>12</sup>:

*Vi viser elles til krav i føresegnene til reguleringsplanen om grenseverdiar for støy (pkt. 2.1) og krav om utgreiing av korleis overskotsvarme skal handterast i samband med søknad om rammeløyve for tiltaket (pkt. 2.12 e). **Kommunen vil såleis få nærare informasjon om plan for utnytting av overskotsvarme, støy og plassering av enkeltelement i samband med søknad om rammeløyve for anlegget.***

Det at støy ikkje er avklara i planen, er noko som gav motsegnsgrunnlag for Ballangen industri- og næringsområde 19.02.2025 frå Statsforvaltar i Nordland<sup>13</sup>.

#### **4 Mangelfullt 0-alternativ og feil klimarekneskap**

Eit hovudmoment som dokumenterer at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst og sjølvstendig vurdert er at Statsforvaltaren aksepterer at KU nyttar reguleringsplanen frå 2010 som nullalternativ, trass i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2025 slo fast at nullalternativet skal vere dagens faktiske tilstand. Kommunen har sjølv stadfesta at 2010-planen ikkje er

---

<sup>12</sup> [Gmail - kommunen bekrefter vesentlege moment er utsett til søknad om rammeløyve.pdf](#)

<sup>13</sup> [Statsforvaltaren i Nordland innsigelse Ballangen.pdf](#)

realistisk, og at mest sannsynleg utvikling på området er at Holmaneset hadde liggande slik det er i dag.

I vedtaket frå 20.03.2025 skriv kommunen følgande:

*Gjennom planprosessen er det komme fram ny kunnskap, både knytt til naturmiljø, kulturminne og graden av engasjement for området. Ut frå dette ville kanskje den mest sannsynlege utviklinga av området vere at det vart liggande som i dag, slik at ein bør vurdere konsekvensane opp mot dagens situasjon.*

Feil nullalternativ har ført til feil klimarekneskap, feil vurdering av myr, feil vurdering av nitrogenpåverknad og feil vurdering av naturtap. Dette er ein saksbehandlingsfeil som kan ha påverka medverknadsprosessen, då klimarekneskapen ikkje var oppdatert før offentlege høyringar, noko som strir mot KU-forskrifta og naturmangfaldlova. Klimarekneskapen er heller ikkje avklara seinare i plansaka, då nedbygging av 16.5 da myr ikkje er tatt med i klimarekneskapen. Kommunen avfeie klagepunkta rundt myr ved å vise til følgande i vedtaket av 26.02.2026 om å avvise klagane<sup>14</sup>:

*I denne plansaka har kommunen vurdert samfunnsnyttan å vere større enn tapet av natur, både knytt til skogen og myra. I høve klimagassutslepp er totaleffekten av tiltaket vurdert å vere positivt sjølv om planen medfører nedbygging av myr.*

Kva tapet av myr har å seie for det totale klimarekneskapen framstår difor som uklar.

Vi viser i denne samanhengen til at Statsforvaltar ikkje har fulgt opp KU-forskrifta § 10, som krev vurdering av om planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, inkludert lokalisering og påverknad på verneområde, truga naturtypar, andre sårbare verdiar. Vidare viser vi til § 19, som pålegg forslagsstillar å greie ut relevante og realistiske alternativ, og å grunngje val av løysing gjennom samanlikning av verknader for miljø og samfunn.

---

<sup>14</sup> [Handsaming av klager på vedtak KST-049/25 om godkjenning av områderegulering Holmaneset, planid. 20230](#)

Vi viser også til Statsforvaltar i Vestland sine førebelse samordna fråsegn frå 07.11.2024, der Statsforvaltar kjem med krav til utrekninga av klimagassutslepp som ikkje er fulgt opp. Vi viser mellom anna til at SFVL der skreiv følgande (Statsforvaltaren sine uthevingar)<sup>15</sup>:

*Vi har ikkje gått i detalj på utrekningane som er gjort, men meiner at vurderingane i KUen må gjerast på ny for å gi eit realistisk bilete av klimaverknadene.*

***Klimavurderingane er gjort med utgangspunkt i eit lite relevant nullalternativ, og må gjerast på ny. Det er særleg store avvik når det gjeld karbonrike areal (skog og myr).***

***Klimagassutslepp frå myr må reknast ut frå reelt myrareal, som ifølgje den geotekniske rapporten er 16,5 da.***

***Vi stiller spørsmål om det er rett å trekke inn klimaverknad frå eventuelt sal av sluttprodukt.***

***Utan sluttprodukt i utrekningane vil konsekvens for klima bli middels negativ konsekvens ut frå fjerning av karbonrike areal på Holmaneset åleine.***

I omgjeringsvedtaket frå 07.10.2025 stadfestar SFVL at dette ikkje er gjort, men meiner det likevel er reparert, då dei skriv følgande på side 15 (vår utheving):

*Vi har tidlegare peika på at eit realistisk utfall av ei konsekvensutgreiing er avhengig av eit realistisk val av nullalternativ. Vi meiner at reguleringsplanen frå 2010 som nullalternativ er lite treffande. Dette er dels avhjelpet med at seks av dei ti temaa som er utgreidde (**ikkje klima**), er vurderte opp mot dagens miljøtilstand (vedlegg 4b), som etter vår vurdering er i tråd med føreseigna*

I stadfestingsvedtaket frå 09.06.2026, har Statsforvaltar gjennomgåande mangelfulle sjølvstendige vurderingar for klimarekneskapen, då Statsforvaltar no aksepterer, og sjølv brukar, enkle reknefeil som har blitt kopiert frå forslagsstillar (2.740 tonn CO<sub>2</sub>e + 12.350 tonn CO<sub>2</sub>e er ikkje 15.080 tonn CO<sub>2</sub>e), og manglande vurderingar for kva 16.5 dekar myr utgjer av klimarekneskapen. Vi viser herunder at dei igjen legg grunn til kommunens vurderingar, utan å sjølvstendig vurdere klimarekneskapen, slik som dei gjorde i dei førebelse samordna fråsegna:

---

<sup>15</sup> [Statsforvaltar førebels fråsegn.pdf](#)

*Vi ser argumenta knytt til klimagassutsleppa, og er einig i at det er uheldig at dette ikkje er korrigert i tråd med korrekt null-alternativ i sjølve konsekvensutgreiinga. Vi meiner likevel at nødvendig informasjon ligg i saka, og at kommunen i klagehandsaminga har gjort greie for klimagassutslepp med korrekt null-alternativ og kvifor dei likevel har kome til at total klimagasspåverknad vil ha eit positivt resultat.*

Naturvernforbundet forstår det slik at det ikkje er krav om opprinnelsesgaranti for dei 300MW som blir brukt på Holmaneset. Det er heller ikkje vurdert kva tap av 144 MW<sup>16</sup> kraft vil ha å seie for klimarekneskapen då det ikkje er konkrete planar for utnytting av biprodukt på Holmaneset. Utnytting av biprodukt var noko Statsforvaltar etterlyste både ved dei førebelse fråsegna og i dei endelege fråsegna utan at dette har vore fulgt opp.

Samla sett viser desse forholda at Statsforvaltaren ikkje har gjort dei sjølvstendige, fagleg forankra vurderingane som krevst etter plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og KU-forskrifta. Når kunnskapsgrunnlaget er ufullstendig, når nullalternativet er feil, når klimarekneskapen inneheld openberre feil og når sentrale verknader er utsett til rammeløyve, og Statsforvaltaren sine førebelse samordna fråsegn ikkje er fulgt opp, kan ikkje Statsforvaltaren basere vedtaket berre på ei avveging av fordelar, og ikkje samstundes vurdere samfunnsmessige ulemper.

Statsforvaltaren skulle ha vurdert konsekvensane på eit korrekt og oppdatert faktagrunnlag, og deretter gjort ei reell vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket. Uansett kva utfall ei slik vurdering ville ha fått, er det eit grunnleggjande krav at ho faktisk blir gjennomført på rett grunnlag.

## **5 Mangelfulle vurderingar for støy**

Tabell 6-40 over støyande installasjonar i KU og etterfølgande tekst gjer ikkje greie for om det er brukt mjuk mark eller hard mark ved utarbeidinga av støysonekarta lagt til grunn for planen. Vi nemner herunder at det er stadfesta at det vil kome avsaltingsanlegg og ein dampturbin på anlegget, slik nemnt i punkta over, utan at desse er inkludert i tabellen over støyande installasjonar.

---

<sup>16</sup> <https://www.firdaposten.no/ma-legge-fram-analyse-av-bruken-av-spillvarme-fra-holmaneset/s/5-16-875061>

Samanlikna med planer i Narvik, er avsaltingsanlegg vurdert til å gi 106 DB støy, medan det er uklart kor mykje dampturbinen vil gje av støy. Det er difor uklart kor støysonene vil legge seg ikkje berre i forhold til Tennøyane naturreservat, men også busetnad og hytter i nærleiken. I Narvik og i Skipavika er det også vurdert støy frå kaianlegg, noko som ikkje er vurdert for Holmaneset<sup>17</sup>.

Motstriden i stadfestingsvedtaket blir ytterlegare forsterka når Statsforvaltaren skriv at det framleis er usikkert korleis Tennøyane vil bli påverka av støy og lysureining, samtidig som dei hevdar at avbøtande tiltak vil redusere risikoen, utan at det ligg føre sjølvstendige vurderingar på at desse tiltaka faktisk er tilstrekkeleg vurdert, utgreidd eller sannsynleggjort. Vi vil også vise til at dei avbøtande tiltaka for støy på side 219 i KU<sup>18</sup> viser at støykonsekvensane framleis er uklare:

*For de ulike støykildene som plasseres på bakken er det anbefalt å anskaffe stillegående apparater. Dette inkluderer omformerne, kompressorene og pumpene. Ytterligere støyreduserende tiltak vil være å bygge inn apparater. Her vil reduksjonen variere avhengig av type disponering og må detaljeres i en senere fase når dimensjonene og støynivået til de ulike kildene er kjent.*

Støynivåa i området er ikkje berre viktig for busetnad og hytter i området, men også for fuglane som hekkar på Tennøyane naturreservat.


## **6 Mangelfulle vurderingar for Tennøyane naturreservat**

Statsforvaltaren sine vurderingar av verknadene for Tennøyane naturreservat er ikkje konsistente, og fleire av konklusjonane står i direkte motstrid til eigne premissar i vedtaket. Dette gjeld særleg vurderinga av kunnskapsgrunnlaget, risiko for påverknad og bruken av føre-var-prinsippet. Kartutklippet nedanfor viser nærleiken mellom Tennøyane og planområdet.

---

<sup>17</sup> [Oversikt over dokumentasjon for støyforhold for tilsvarane planar i Skipavika og Narvik](#)

<sup>18</sup> [Lenke til KU](#)



I dei førebelse samordna fråsegna etterlyser Statsforvaltaren andre påverknadsfaktorar enn skipstrafikk. Statsforvaltaren framhever støy og skriv:

*Det er eit klårt behov for meir informasjon knytt til verknader på Tennøyane naturreservat, som ligg litt over 1 km unna det aktuelle flammetårnet.*

Likevel har ikkje Statsforvaltaren satt krav til oppdatert støysonekart etter at nye installasjonar som damp turbin og avsaltingsanlegg har blitt inkludert i planane, og etter at reguleringsplanen var på høyring hausten 2024.

På side 8 i vedtaket slår Statsforvaltaren fast at det er «utvilsamt at det er viktig naturmangfald på Tennøyane», og at det samtidig er «tvil om konsekvensane tiltaket vil få». Vidare skriv dei at usikkerheita ikkje skuldast mangel på kunnskap om kva naturverdiar som finst, men mangelfull kunnskap om korleis tiltaket vil påverke desse verdiane og i kva omfang. Dette meiner vi er ei stadfesting på at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8.

*Ut frå vår vurdering er det utvilsamt at det er viktig naturmangfald på Tennøyane, samtidig som det er tvil om konsekvensane tiltaket vil få for naturverdiane på Tennøyane naturreservat. Usikkerheita skuldast ikkje manglande kunnskap om kva naturverdiar som kan verte råka, men mangelfull kunnskap om korleis det aktuelle*

*tiltaket vil påverke dei kartlagde naturverdiane og i kva omfang. Denne tvilen kan kome sjølv om kunnskapsgrunnlaget er vurdert å vere oppfylt.*

Statsforvaltaren erkjenner også at føre-var-prinsippet slår inn, og at potensiell påverknad er «vesentleg» fordi Tennøyane er eit naturreservat med særleg verdifulle verneformål. Merk at føre-var prinsippet berre er lagt til grunn for auka båttrafikk, vurderingar for støy, lys og risiko for utslepp er ikkje vurdert, til tross for at Statsforvaltaren etterlyste meir kunnskap i dei førebelse samordna fråsegna frå November 2024<sup>19</sup>. Vi siser til side 9 i stadfestingsvedtaket (vår utheving):

*Dette er ivareteke gjennom føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, som peikar på at det skal «tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet.» Vi meiner føre-var-prinsippet gjer seg gjeldande for verknadane på naturmangfoldet på Tennøyane, og at potensiell verknad er «vesentleg» fordi det er eit naturreservat med verdifullt naturmangfald.*

Statsforvaltar viser i stadfestingsvedtaket til risiko knytt til lysforureining, støy, næringstilgang, luftforureining og utslepp, og skriv eksplisitt at skade er tenkjeleg. Vi nemner også her at Statsforvaltaren sjølv har publisert rapportar som viser det er tøffe tider for sjøfuglane i Vestland<sup>20,21</sup> utan å vurdere dette i stadfestingsvedtaket.

Statsforvaltaren viser til at det i denne saka er:

*«gjort avbøtande tiltak for å gjere potensielle skadeverknader for Tennøyane så små som mogeleg. Vurderinga og dei avbøtande tiltaka er knytt til lysforureining (lyssettingsplan), støy, næringstilgang, luftforureining og utslepp. Slik vi ser det er det tenkjeleg med skade på Tennøyane naturreservat, men mindre sannsynleg med vesentleg skade. Omsynet til ei mogeleg risiko må likevel takast med når omsynet til naturmangfald skal vegast opp mot andre samfunnsomsyn.»*

---

<sup>19</sup> [Statsforvaltar førebels fråsegn.pdf](#)

<sup>20</sup> <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/naturmangfald/toffe-tider-for-sjofuglane2/>

<sup>21</sup> <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/naturmangfald/langt-mellom-lyspunkta-hos-sjofuglane-vare/>

Dette fastslår dei til tross for at det i KU kjem klart fram at det ikkje er «*fremlagt tekniske data vedrørende belysningsløsninger*»<sup>22</sup>. Korleis ein då skal avbøte ukjende lysforhold, og kva dette har å seie for anleggsutforming og støysonekarta framstår som uklart.

Til tross for dette, og utan at det er lagt fram nye faglege vurderingar, konkluderer Statsforvaltaren på side 12 med at påverknaden likevel vil vere «minimal» og at det er «lite sannsynleg at verneverdiane vil gå tapte». Denne konklusjonen står i direkte motstrid til deira eigne vurderingar av usikkerheit, mangelfull kunnskap og risiko for vesentleg skade.

**Statsforvaltaren viser også til at verneforskrifta kan endrast dersom det trengst.** Vi viser til at Statsforvaltaren skriv følgande i stadfestingsvedtaket side 12 (vår utheving):

*Det er likevel vurdert at innverknaden på verneverdiane vil vere minimal, og at det er lite sannsynleg at verneverdiane på Tennøyane vil gå tapte som følge av tiltaka planen opnar for. Verneforskrifta kan endrast dersom det trengst for å støtte meir opp om verneverdiane.*

Å vise til mogleg framtidig endring av verneforskrifta som ein del av vurderinga av dagens planvedtak, meiner vi er i strid med naturmangfaldlova § 49 og heile verneformålet. Det framstår også uklart korleis verneforskrifta skal bli endrast i framtida, kva endringa vil ha å seie for framtidig arealbruk i området, og kva effekt ei endring vil ha for anna industri og friluftsliv i området. Vi stiller og spørsmål ved kva framtidig presedens det har for å tillatte forringing av verneområdet med begrunnelse om at verneforskrifta kan endrast i framtida.

Tennøyane er leveområde for fleire fugleartar<sup>23</sup> som er omfatta av Avtale om vern av afrikanske-eurasiatiske trekkende vannfugl (**AEWA-avtalen**<sup>24</sup>), som Noreg er forplikta til å følge. AEWA krev at partane skal verne og oppretthalde funksjonelle leveområde for trekkfugl, hindre forstyrring i hekke- og næringsområde, og vurdere konsekvensar av nye tiltak som kan påverke bestandane. Tennøyane huser artar som ærfugl, siland, tjeld, fiskemåke, sildemåke, makrellterne og raudnebbterne, alle artar som er særleg sårbare for støy, lysforureining og nitrogenavsetning, og ikkje minst sårbare for at eit område som gir næringsgrunnlag forsvinn. Når Statsforvaltaren sjølv erkjenner at det er tvil om korleis tiltaket

---

<sup>22</sup> [Sjå side 80 i KU](#)

<sup>23</sup> [Sjå side 14 i klage frå Folkeaksjonen for oversikt over fugleartar](#)

<sup>24</sup> <https://lovdata.no/dokument/TRAKTATEN/traktat/1996-08-15-25>

vil påverke Tennøyane, og at skade er «tenkjeleg», skulle AEWA ha utløyst skjerpa krav til kunnskapsgrunnlag og føre-var-vurderingar. Manglande vurdering av AEWA-forpliktingane er difor ein vesentleg feil som Departementet bør ta stilling til.

Statsforvaltaren har til dømes ikkje nemnt Krykkje, Storspove eller Vipe i si vurdering, trass i at det kjem fram av at desse er observert. Krykkje og Storspove er vurdert til sterkt trua (EN), og Statsforvaltaren gav motsegn til Kinn sin kommuneplan 09.02.2026 basert på mellom anna omsyn til Storspove og Vipe, fuglereservat og kystfuruskog av stor verdi (Statsforvaltaren sin referanse 2020/5331<sup>25</sup>). Statsforvaltaren i Nordland kom også med motsegn grunna ufullstendig KU for støy for planane i Ballangen næringsområde<sup>26</sup>.

Samla sett ber vi Departementet vurdere om Statsforvaltaren sine konklusjonar om Tennøyane er fagleg forsvarlege, om dei oppfyller krava i naturmangfaldlova §§ 8–12 og 49, og om det er rettsleg haldbart å konkludere med «minimal påverknad» når eigne premissar peikar i motsett retning eller der kunnskapen er mangelfull. Vi ber også Departementet vurdere om samfunnsnytte kan overstyre nasjonale naturverdiar og internasjonale avtalar som AEWA i tilfelle der sjølvstendige vurderingar av samfunnsnytta openbart er mangelfulle og manglar heilt.

Vi ber også om vurdering av om Statsforvaltaren si tilvising til mogleg endring av verneforskrifta er foreinleg med naturmangfaldlova § 49 og verneformålet for Tennøyane naturreservat, og korleis dette eventuelt bør følgast opp.

## **7 Manglande vurderingar for naturmangfaldlova § 10 (samla belastning)**

Statsforvaltaren si vurdering av samla belastning er mangelfull og i strid med naturmangfaldlova § 10. Paragrafen krev at forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit økosystem er utsett for, og korleis nye inngrep vil påverke denne belastninga. Dette er ein økologisk vurderingsregel som skal byggje på kunnskap om påverknader, økologiske prosessar og eksisterande press i området. I stadfestingsvedtaket har Statsforvaltaren både

---

<sup>25</sup> [Statsforvaltaren i Vestland motsegn KPA Kinn.pdf](#)

<sup>26</sup> [Statsforvaltaren i Nordland innsigelse Ballangen.pdf](#)

utelate sentrale påverknadsfaktorar og blanda inn moment som ikkje høyrer heime i ei vurdering etter § 10.

Statsforvaltaren skriv at tiltaket vil gi «*ein viss auke i den samla belastninga*», men at denne belastninga er «*akseptabel sett opp mot det samfunnsmessige fordelane ved tiltaket*». Dette gjer at det framstår som om Statsforvaltaren legg feil rettsleg forståing av § 10 til grunn. Samfunnsnytte skal ikkje inngå i vurderinga av samla belastning då avveginga mellom natur og samfunnsinteresser skjer på eit seinare stadium i planprosessen. Når Statsforvaltaren legg samfunnsnytte inn i § 10-vurderinga, blir den økologiske vurderinga svekka og feil, og dette er ein saksbehandlingsfeil som har påverka resultatet. Vi viser til at Statsforvaltaren skriv på side 12:

*Sjølvs om tiltaket vil gje ein viss auke i den samla belastninga på landskapet lokalt, er denne belastninga akseptabel sett opp mot det samfunnsmessige fordelane ved tiltaket.*

Vidare har Statsforvaltaren ikkje sjølvstendig vurdert den samla belastninga på økosystemet i Nordgulen, eller tatt i betrakting planane om ny utskipping i Nordulen frå Bremanger Quarry<sup>27</sup>. Dei skriv at reguleringsplanen «*i seg sjølv ikkje opnar for utslepp*», og at utslepp skal vurderast seinare etter forureiningslova. Dette er i strid med både KU-forskrifta og § 10, som krev at samla belastning skal vurderast på plannivå. Nordgulen er ein terskelfjord med dårlig kjemisk tilstand, og moderat økologisk tilstand,<sup>28</sup> og det skulle difor vore gjort vurderingar av korleis nitrogenutslepp, ammoniakk, varmtvatn og skipstrafikk vil verke saman og påverke fjordsystemet. Det er godt kjent for Statsforvaltaren at Bremanger Quarry har gjentekne utslepp av steinstøv til fjorden, noko Naturvernforbundet meiner burde vore vurdert. Vi viser her elles til 9. Vassmiljø og vassdirektivet under.

Vi vil samstundes påpeike at det er gjennomgåande for Statsforvaltaren si vurdering at dei har lagt kommunen sine vurderingar til grunn, og ikkje sjølvstendig gått inn på økosystemets samla belastning.

*For det som gjeld den samla belastninga, jf. naturmangfaldslova § 10, viser kommunen til at det er kartlagt fleire andre førekomstar i kommunen av dei råka*

---

<sup>27</sup> [Referat frå møte: Bontrup AS – Bremanger kommune](#)


<sup>28</sup> [Lenke til Vann-nett som dokumenterer tilstand i Nordgulen](#)

*naturverdiane på Holmaneset (gjeld ikkje for gammel furuskog med liggende død ved). Det er også vist til at andre prosjekt som er planlagde i området, råkar andre typar naturverdiar og -ressursar og spreiar belastninga i området. Den samla belastninga på Holmaneset er difor vurdert som akseptabel.*

Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert naturtypekartleggingar i området som viser omfanget av desse andre naturverdiane, alder på skogen eller naturmangfaldet på lokalitetane. Vi stiller difor spørsmål ved kva datagrunnlag Statsforvaltaren underbygger påstanden om at «*Det er også vist til at andre prosjekt som er planlagde i området, råkar andre typar naturverdiar og -ressursar og spreiar belastninga i området*».

Det som dokumenterer at nærliggande område er mangelfullt utgreia, bortsett frå kartet i naturbase.no, er at kommunen vedtok ein planstrategi om at kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen skal aukast den 04.12.2025<sup>29</sup>. Planlagt oppstart var i 2026, og ferdigstilling 2027, og området rundt Holmaneset var ein del av det prioritert område for dette.

Dette underbyggjer også at naturmangfaldet utanfor planområdet er mangelfullt kartlagt.



Utklipp frå *Kommunedelplan for naturmangfald - godkjenning av prosjektmandat og planoppstart* som viser prioritert område.

<sup>29</sup> [Kommunedelplan for naturmangfald](#) møtedato 04.12.2025

Vidare gjer ikkje Statsforvaltaren undersøkingar av planlagde forhold i Nordgulen, til dømes ny utskiping frå Aksla i Nordgulen og eksisterande utslepp frå Bremanger Quarry.

*For det som gjeld vasskvaliteten i Nordgulen, er det vist til at denne vil vere under oppsyn gjennom vidare handsaming i tråd med reguleringsplanen, det må mellom anna søkast om fylling i sjø og eventuelle utslepp av varmtvatn. Reguleringsplanen i seg sjølv vil difor ikkje opne opp for tiltak som aukar den samla belastninga på fjord-økosystemet i Nordgulen.*

Vi vil også vise til at Miljødirektoratet, på spørsmål frå ein av våre medlemmer angåande oppdatering av naturbasekartet, svara<sup>30</sup>:

*Lokalitetene vil oppdateres til det Rambøll beskriver, med en usikkerhet knyttet til variablene der vi informerer om at for å få detaljert kunnskap om hele naturtypelokaliteten er det behov for en ny feltkartlegging.*

Samla belastning på Tennøyane er heller ikkje vurdert, til tross for at store deler av næringsgrunnlaget til fuglane på Tennøyane forsvinn. Statsforvaltaren erkjenner sjølv at det er «tvil» om korleis tiltaket vil påverke verneverdiane, og at skade er «tenkjeleg». Likevel er det ikkje gjort vurderingar av korleis støy, lys, nitrogen, tap av natur på Holmaneset og auka skipstrafikk vil verke saman og påverke fuglelivet og økosystemet i reservatet. Dette er kjernen i § 10, og det er ikkje oppfylt.

Føre-var prinsippet er som kjend berre lagt til grunn på grunn av auka skipstrafikk, og ikkje andre påverknader. Vi viser til dei førebelse fråsegna frå Statsforvaltaren der meir kunnskap om påverknad på Tennøyane vart etterlyst, og at det står følgande for Tennøyane på side 86 i KU:

*Ut fra usikkerheten knyttet til påvirkningsgraden ifm. Økt båttrafikk, og bruken av føre-var-prinsippet slik det er lovfestet i naturmangfoldloven §9, er påvirkningsgraden satt til noe forringet ved at de direkte virkningene av den økte båttrafikken vurderes å*

---

<sup>30</sup> Utdrag frå mailkorrespondanse med Sunniva Pettersen i Miljødirektoratet 22.06.2026

*utgjøre en mulig forstyrrelse for fauna i delområdet. Forsynende, regulerende og støttende økosystemtjenester vurderes ellers å forbli intakte.*

Naturvernforbundet er ueinig i vurderinga om at «forsynende, regulerende og støttende økosystemtjenester vurderes ellers å forbli intakte» for Tennøyane, når eit skogområde av nasjonal verdi, som er viktig for næringstilgangen til sjøfugl som hekkar på Tennøyane, blir erstatta med støyande industri, lysforureining, og med risiko for ammoniakkutslepp.

Statsforvaltaren i Vestland viser sjølv på side 8 i stadfestingsvedtaket at næringstilgangen vil bli påverka, men dette får likevel ingen konsekvensar for vurderingane til Statsforvaltaren.

Dette står i kontrast til praksis i tilsvarende saker hos andre Statsforvaltarar, og SFVL sine eigne vurderingar for KPA for Kinn <sup>31</sup>. Vi viser særleg til Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus sitt vedtak 23.06.2025 i Oksenøya-saka, og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt vedtak 11.12.2025 i Løkkemyra-saka, der mangelfulle naturfaglege vurderingar og undervurdering av naturverdiar vart påpeikt og tillagt vekt.

Det same mangelfulle vurderingane for samla belastning gjeld for regnskogen, mose- og lavsamfunn, gammal kystfuruskog, og gytelfelta og rekefeltet rundt Holmaneset. Regnskogen og gytelfelta ligg direkte i utsleppskjegla for nitrogen, men det er ikkje gjort vurderingar av korleis nitrogen, støy, lys og endra mikroklima verkar saman på fjordsystemet. Statsforvaltar legg også til grunn at det skal søkast om utfylling i sjø og utslepp av varmtvatn, og vurderer difor ikkje konsekvensar for gytelfelta (kysttorsk og rekefelt) i området. Statsforvaltar vurderer ikkje heller ikkje samla konsekvens av auka aktivitet i området, og korleis sjølv mindre utslepp av ammoniakk vil påverke rekefeltet eller gytelfelta for kysttorsken, som vil bli «noe forringet» av tiltaket (sjå side 209 i KU).

§ 10 krev også at påverknad skal vurderast i lys av eksisterande belastning. Holmaneset og Nordgulen er allereie påverka av steinbrot, skipstrafikk, støy og tidlegare naturinngrep. Vasskvaliteten er òg som tidlegare nemnt ikkje tilfredsstillande. Statsforvaltaren vurderer ikkje korleis eit ammoniakkanlegg kan forsterke desse belastningane.

---

<sup>31</sup> [Statsforvaltaren i Vestland motsegn KPA Kinn.pdf](#)

Klagane peikar tydeleg på at Bremanger Quarry og Elkem allereie står for ein betydeleg del av den samla belastninga i Nordgulen, med omfattande utskipping, støy, lys og skipstrafikk tett på Holmaneset og Tennøyane. Dette er relevant for vurderinga av både økologisk tilstand og påverknad på Tennøyane. I stadfestingsvedtaket omtalar Statsforvaltaren likevel ikkje steinbrotet som ein del av den eksisterande belastninga, og dei vurderer ikkje korleis ammoniakkanlegget kjem på toppen av eit terskelfjordsystem som allereie er sterkt påverka av industriell aktivitet.

Når Statsforvaltaren konkluderer med at tiltaket berre gir ein «viss auke» i samla belastning, utan å ta omsyn til den etablerte trafikken og påverknaden frå utslepp frå Bremanger Quarry, byggjer dei på eit feilaktig faktagrunnlag. Dette er i strid med naturmangfaldlova § 10, som krev at påverknad skal vurderast i lys av eksisterande belastning.

Samla sett har Statsforvaltaren, i likheit med Bremanger kommune, ikkje gjort ei reell sjølvstendig vurdering av samla belastning etter naturmangfaldlova § 10. Dei har i tillegg blanda inn samfunnsnytte i ein økologisk vurderingsregel, utelate sentrale påverknadsfaktorar, ikkje vurdert kumulative effektar og ikkje sett påverknad i lys av eksisterande belastning.

## **8 Mangelfulle sjølvstendige vurderingar for naturmangfald**

Statsforvaltaren har ikkje gjort dei sjølvstendige og heilskaplege vurderingane som naturmangfaldlova og KU-forskrifta krev. Trass i at området inneheld fleire særleg sårbare naturtypar og artar, inkludert boreonemoral regnskog, raudlista moseartar, myr, flaggermus og eit verneområde for sjøfugl, er det ikkje gjort faglege vurderingar av korleis tiltaket vil påverke desse verdiane, verken enkeltvis eller samla. Vurderingane av er anten fråverande eller baserte på feil faktagrunnlag.

Statsforvaltaren har heller ikkje vurdert korleis desse påverknadsfaktorane verkar saman, eller korleis dei kjem på toppen av eksisterande belastning i Nordgulen, eller vurdert korleis innspel frå dei førebelse fråsegna frå 07.11.2024 er fulgt opp.

Vi vil nedanfor gjere greie for at sentrale naturverdiar ikkje er kartlagt, ikkje er vurdert og ikkje er lagt til grunn for vedtaket, i strid med naturmangfaldlova §§ 8–12 og krava til forsvarleg utgreiing.

**a Manglande vurderingar av utslepp, nitrogenpåverknad og krav etter KU-forskrifta**

På side 10 i stadfestingsvedtaket skriv Statsforvaltaren at reguleringsplanen «i seg sjølv ikkje opnar for utslepp», og at alle utslepp krev løyve etter forureiningslova. Dei viser vidare til at dei planlagde inngrepa «ikkje vil føre til at miljømåla for vassførekomsten ikkje vert nådd». Denne vurderinga er etter vår oppfatning ikkje fagleg haldbar, då ho byggjer på ei føresetnad om at utslepp ikkje skal vurderast på plannivå. Utdrag frå side 10:

*Vi gjer også merksam på at reguleringsplanen i seg sjølv ikkje opnar for utslepp og alle utslepp, både til sjø og luft, krev løyve etter forureiningslova. I plansaka er det vurdert at dei inngrepa og tiltaka som er planlagde ikkje vil føre til at miljømåla for vassførekomsten ikkje vert nådd, jf. vassforskrifta §§ 4 til 7, jf. 12.*

Kommunen skriv i sitt klagehandsamingsvedtak av 26.02.2026 at verknadene av nitrogenutslepp på Tennøyane ikkje er vurdert konkret, men at påverknaden «vil vere liten». Samstundes skriv dei at akutte utslepp frå båt eller anlegg ikkje skal vurderast i KU, fordi slike utslepp er akutt forureining som ikkje er planlagd. Dei vurderer ikkje nitrogenavsetjing til fjord og grunn, berre luft.

Vi viser til at kommunen skriv:

*Sjølv om ikkje verknadane av nitrogenutslepp på Tennøyane er vurdert konkret, viser utgreiinga av luftforureining at påverknaden vil vere liten. I konsekvensutgreiinga er tiltaket sine verknader knytt til forventa utslepp vurdert, og konsekvensane av akutte utslepp frå båt eller frå anlegget på grunn av ulukker eller uønska hendingar skal ikkje vurderast i KU. Slike utslepp er akutt forureining som verken er planlagt eller tillate, og det skal ivaretakast gjennom beredskapsplanlegging og -rutinar.*

Konsekvensutredningsforskrifta § 21 seier derimot at KU skal identifisere og beskrive alle faktorar som kan bli påverka, og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Dette omfattar uttrykkeleg:

- utslepp til luft (inkl. nitrogen og klimagassar)

- forureining av vatn og grunn
- støy
- både direkte, indirekte, kortsiktige, langsiktige, midlertidige og varige verknader

I ein artikkel i Teknisk Vekeblad frå 08.06.2026, skriv fagfolk at dei har analysert eit realistisk scenario for ammoniakkutslepp<sup>32</sup>. Dei skriv også følgande:

*Når ammoniakk lekker fra et produksjonsanlegg eller under bunkring, brukes vanngardiner for å slå ned giftskyen og hindre spredning i luft. Dette er en anerkjent og effektiv barriere for å beskytte mennesker og miljø. Problemet er at ammoniakken ikke forsvinner – den flyttes fra luft til vann. Brannvannet renner gjennom anleggenes dreneringssystemer og ut i havnebassenget – ubehandlet. Der gjør den vannet basisk og kan gi store pH-endringer. Ammoniakk i vann er dessuten klassifisert som akutt giftig for akvatisk liv, med langvarige effekter, ifølge det globale systemet for klassifisering av kjemikalier (GHS). Likevel håndteres brannvann fra ammoniakkanlegg i dag uten tydelige krav til hvordan utslipp til sjø skal begrenses.*

Ammoniakkutslepp fra vassbehandling er ikkje vurdert i ROS-analysen for Holmaneset, til tross for at dette er vurdert for tilsvarende planer i Skipavika<sup>33</sup>. I Skipavika er «*Akutt forurensning fra/via vannbehandling*» vurdert til gjennomsnittlig sannsynlighet (10 – 50 år), med konsekvensgrad 3 for forurensning av «*et noe sårbart område*». Ein kan difor anta at tilsvarende planar ved Holmaneset vil vere lik risiko, med større konsekvensgrad, då det er eit meir sårbart område.

Vi ber Departementet ta stilling til om det er høve til å skyve vurderinga av utslepp til seinare fasar. Etter vår forståing av KU-forskrifta, krev denne at verknadene skal vurderast før planvedtaket, nettopp for å sikre at planmyndigheita har eit forsvarleg beslutningsgrunnlag og medverknad, spesielt med tanke på alternativvurderingar. Det er oppfatninga til Naturvernforbundet at dette er ein sentral sakshandsamingsfeil som kan ha verka bestemmande på vedtaket.

<sup>32</sup> <https://www.tu.no/artikler/gronn-skipsfart-slik-verner-vi-fjordene-mot-ammoniakkutslipp/572908>

<sup>33</sup> Sjå side 16 i [14. Miljørisiko og beredskap datert 28.08.2024.pdf](#) for ammoniakkanlegg i Skipavika

Statsforvaltaren har i sitt eige opphevingsvedtak av 07.10.2025 slått fast at naturverdiane i området skjerpar krava til kunnskapsgrunnlag og vurderingar. Naturmangfaldlova § 8 krev at offentlege avgjerder skal byggje på vitenskapleg kunnskap om artar, naturtypar og økologisk tilstand, samt effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i forhold til risikoen for skade. Når både kommunen og Statsforvaltaren erkjenner at verknadene av nitrogenutslepp ikkje er vurdert konkret, ei heller ammoniakkutslepp eller andre utslepp, og at påverknad på Tennøyane er usikker, er det openbert at § 8 ikkje er oppfylt.

Det er heller ikkje gjort vurderingar av korleis utslepp av varmtvatn, nitrogenoksid, ammoniakk eller partikkelavrenning vil påverke ein terskelfjord som allereie har dokumenterte dårlege kjemisk og økologiske forhold, og som blir påført utslepp frå Bremanger Quarry. Å vise til at utslepp krev løyve etter forureiningslova fritar ikkje planmyndigheita frå plikta til å vurdere desse forholda på plannivå.

Vidare vil vi gjere gjeldande at kommunen skreiv i si handsaming av klagane 26.02.2026 følgande, noko Statsforvaltar òg la til grunn i sitt stadfestingsvedtak:

*Sjølv om ikkje verknadane av nitrogenutslepp på Tennøyane er vurdert konkret, viser utgreiinga av luftforureining at påverknaden vil vere liten. I konsekvensutgreiinga er tiltaket sine verknader knytt til forventa utslepp vurdert, og konsekvensane av akutte utslepp frå båt eller frå anlegget på grunn av ulukker eller uønska hendingar skal ikkje vurderast i KU. Slike utslepp er akutt forureining som verken er planlagt eller tillate, og det skal ivaretakast gjennom beredskapsplanlegging og -rutinar.*

Vi vil her gjere departementet merksam på at nitrogenavrenning til fjorden ikkje er vurdert, til tross for at nitrogenutslepp via luft er ein konsekvens av tiltaket. Nitrogenutslepp sin verknad på regnskogen, fossegrimemosen og andre artar ved Holmaneset og tett på tiltaksområdet, er heller ikkje vurdert.

Vi stiller spørsmål ved om ikkje Statsforvaltaren allereie 19.02.2025 skulle kome med motsegn grunna manglande kunnskap om konsekvensane av nitrogen og ammoniakkutslepp til fjorden. Vi viser herunder til Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus si

avgjersle om å avslå søknaden om tillatelse etter forureiningslova til utslipp frå utbygginga av Viken Park i Fredrikstad kommune (Statsforvaltaren sin referanse 2024/22812)<sup>34</sup>:

*Søknaden beskriver heller ikke hvordan utslipp fra utbyggingen vil påvirke økologisk og kjemisk tilstand i vannforekomstene for hverken første fase eller hele utbyggingen. Det er heller ikke synliggjort hva restkapasiteten for nitrogen i vannforekomstene er. Med restkapasitet mener vi den målbare kapasiteten i vannforekomstene for ytterligere tilførsler, sett i sammenheng med alle andre påvirkninger.*

Samla sett meiner vi at Statsforvaltaren har lagt til grunn ei feil rettsforståing når dei aksepterer at utslipp og nitrogenpåverknad ikkje er vurdert i KU. Dette er ein vesentleg saksbehandlingsfeil som har påverka resultatet, og som departementet bør vurdere særskilt.

#### **b Mangelfulle sjølvstendige vurderingar for myr**

Det ligg føre om lag 16,5 dekar myr i planområdet, men denne naturtypen er verken konsekvensutgreidd eller vurdert. Myra er heller ikkje inkludert i klimarekneskapen, og tiltakshavar har tidlegare feilaktig omtalt arealet som «7 daa» (sjå SFVL førebelse fråsegn side 9). I tillegg er myra rekna som nedbygd i nullalternativet, noko som er i strid med KDD sitt vedtak om at nullalternativet skal vere dagens faktiske tilstand. Desse forholda bryt med statlege planretningsliner for klima og energi, naturmangfaldlova §§ 4, 5, 8 og 10, Miljødirektoratet sine myrretningsliner og Klima- og miljødepartementet sitt brev av 08.10.2025 om styrkt myrvern. Myr er ein av dei mest karbonrike og sårbare naturtypene vi har, og manglande vurdering av både konsekvensar av å fjerne myra, og klimagassutslipp dette inneber, er ein vesentleg saksbehandlingsfeil.

Vi vil igjen vise til Statsforvaltar sine førebelse fråsegn, der Statsforvaltaren påpeika at det føreligg manglar for vurderinga for myr i KU<sup>35</sup> utan at dette vart fulgt opp i fråsegna frå 19.02.2025.

---

<sup>34</sup> [Viken Park forurensningsforskriften vedtak-om-avslag.pdf](#)

<sup>35</sup> [Statsforvaltar førebels fråsegn.pdf](#)

### **c Manglande sjølvstendige vurderingar for flaggermus (Eurobatsavtalen)**

Dei same mangelfulle sjølvstendige vurderingar gjeld for flaggermus. Det er dokumentert førekomst av nordflaggermus (VU) og Holmaneset inneheld eigna jakt- og yngleområde for flaggermus. Likevel er det ikkje gjennomført kartlegging i rett sesong, og det ligg ikkje føre vurderingar av korleis lysforureining, støy, nitrogenavsetning eller habitatfragmentering vil påverke flaggermuspopulasjonane. Det som dokumenterer at konsekvensar for flaggermus er gjort utanfor sesong, er at utbyggjar ikkje fann insekt på Holmaneset (sjå side 74 i KU<sup>36</sup>). Då flaggermus lev av insekt, er det difor sannsynleggjort at feltundersøkingar for flaggermus vart gjort utanfor sesong.

Statsforvaltar baserer seg på at «*Det er sannsynleg at flaggermus ved ein eventuell påverknad vil finne andre eigna område*», utan å gjere greie for kva som tilseier dette, særleg sett i lys av påverknad på området frå anna industri (Bremanger Quarry, Forcit og Elkem).

Det er difor ikkje gjort tilstrekkelege vurderingar etter Eurobats-avtalen, som Noreg er forplikta av, og som krev at leveområde for flaggermus skal identifiserast, vurderast og sikrast før inngrep vert godkjende, jf Sivilombodet si uttale for hytteutbygging i Sørskogen<sup>37</sup>.

Manglande kartlegging og manglande vurdering av påverknad er i strid med naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlag og § 10 om samla belastning.

### **d Mangelfulle vurderingar for naturverdiar utanfor planområdet**

Det ligg føre vesentlege manglar i kartlegginga og vurderinga av naturverdiar utanfor sjølve planområdet. Tennøyane er gjennomgått i punkt over, men desse manglane gjeld òg vurderingar for konsekvensane for boreonemoral regnskog, førekomst av raudlista moseartar som Fossegrimmose, og verknader av nitrogenutslepp på land, natur og fjordsystemet. Desse forholda er ikkje vurdert i tråd med krava i naturmangfaldlova, KU-forskrifta eller vassforskrifta.

*Mangelfulle vurderingar for regnskog (boreonemoral regnskog) og Fossegrimmose*

---

<sup>36</sup> [Lenke til KU](#)

<sup>37</sup> [Dato og saksnummer: 24.1.2025 \(2024/1708\)](#)

Området ved Holmaneset inneheld førekomstar av fattig boreonemoral regnskog, og denne regnskogen har Noregs, og kanskje også nordens, største forekomst av Fossegrimemose (~6% av nasjonale funn). Fossegrimemosen og regnskogen er ikkje vurdert i det heile i stadfestingsvedtaket, til tross for at dette var viktige poeng i fleire av klagane<sup>38</sup>. Fagavdelinga hjå Statsforvaltar i Vestland bekrefta også per mail at:

*Det finst heilt sikkert ikkje data om fossegrimemosen si tolegrense for nitrogen i ulik form. Førekomsten over Holmaneset ser ut til å vere ein av dei største og mest konsentrerte vi kjenner til, basert på kva som ligg inne i Artskart. Bremanger er kjerneområdet i Noreg for fossegrimemose, og arten er elles berre kjent frå Vestlandet (alle funn utanfor Vestlandet ser ut til å vere gamle, dei fleste over 100 år). Bortsett frå Bremanger og Vestlandet, er arten kjent frå dei Britiske øyane, Færøyene, Island og Alaska. Ei ganske avgrensa utbreiing, med andre ord.*

Likevel er denne naturtypen ikkje konsekvensutgreidd etter Miljødirektoratet sine metodar, og det er ikkje gjort vurderingar av nitrogenbelastning, trass i at regnskog og fossegrimemose kan vere sårbar for NO<sub>2</sub>, lysforureining og endra arealtilhøve. KU viser at regnskogen ligg direkte i utsleppskjegla for nitrogen (jf. figur 6-108 i KU<sup>39</sup>), men dette vart ikkje vurdert av Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren har i eiga fagmelding publisert 04.02.2025<sup>40</sup> («Ny kunnskap om regnskog») slått fast at vestnorsk regnskog er meir sårbar enn tidlegare antatt, og at inngrep i nærleiken av regnskoglokalitetar kan føre til tap av viktig naturmangfald. Dei skriv eksplisitt at:

*Inngrep innafor ei buffersone frå regnskoglokalitetar kan gje skade på viktig naturmangfald.*

Vidare tilrår Statsforvaltaren:

*Vi tilrår ei buffersone på opp til 150 meter for å redusere sannsynleg risiko for tap av artslokalitetar.*

---

<sup>38</sup> [Lenke til klagane på vedtaket:](#)

<sup>39</sup> [Lenke til KU](#)

<sup>40</sup> <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/naturmangfald/ny-kunnskap-om-regnskog/>

Dette er ei klar fagleg føring frå Statsforvaltaren sjølv, basert på ny kunnskap og feltobservasjonar frå 2025, og gjeld også generelt. Dei viser til at endringar i lokalklima kan skade regnskogslav og føre til tap av artsmangfald. Dei dokumenterer sjølve at hogst og inngrep i nærleiken av regnskog på Tysnes førte til brunsvart misfarging og tap av regnskogslav. Vi stiller spørsmål ved at ein ammoniakfabrikk tett på ein regnskog ikkje vil krevje ei langt større buffersona, då nitrogen i luft bind seg til fukt.

Trass i dette har Statsforvaltaren i stadfestingsvedtaket ikkje vurdert behovet for buffersone rundt regnskogen på Holmaneset, og dei har heller ikkje vurdert korleis tiltaket vil påverke fuktbalanse, mikroklima, lysforhold, vindeksponering eller nitrogenavsetning. Dette står i direkte motstrid til deira egne faglege råd og til føre-var-prinsippet dei sjølve viser til i regnskogmeldinga.

#### **e Mangelfulle sjølvstendige vurderingar av økologisk kompensasjon**

Statsforvaltaren skriv i fråsegna 19.02.2025 at utbyggjar arbeider med økologisk kompensasjon for skogområdet som går tapt, og at dette er positivt *«så lenge det er snakk om reell kompensasjon»*.

I stadfestingsvedtaket 09.06.2026 viser Statsforvaltaren til at føresegna pkt. 2.12 g inneheld eit krav om kompensasjon, men peikar samstundes på fleire svakheiter: Det blir understreka at det kan vere krevjande å finne naturverdiar som faktisk tilsvarar dei som går tapt, at kompensasjonen bør vere avklart før naturtap skjer, og at det er uheldig at føresegna berre krev plan for kompensasjon ved søknad om igangsetting. Statsforvaltaren uttrykkjer òg usikkerheit om kommunen sitt vedtak, der det står at *«eventuell økologisk kompensasjon»* skal gjennomførast, og om dette kan tolkast som at kompensasjon ikkje er eit krav.

Over eitt år etter at kompensasjon først vart omtalt, ligg det framleis ikkje føre konkrete planar for område som kan erstatte svært viktig gammal furuskog av nasjonal verdi. Det er ikkje identifisert aktuelle areal, ikkje vurdert naturverdi, alder eller økologiske funksjonar, og det er ikkje dokumentert at tilsvarande natur kan erstattast. Når planen ikkje skal detaljregulerast vidare, skulle kompensasjonen vore utgreidd og vurdert i denne planfasen. Slik situasjonen er, kan kompensasjon verken reknast som reell eller nyttast som grunnlag for å redusere konsekvensgrad.

Statsforvaltaren forklarar ikkje korleis dei kan legge til grunn at kompensasjonen er reell når ingen faglege vurderingar ligg føre, eller kva presedens det skapar dersom kompensasjon blir akseptert utan krav til innhald eller kvalitet. Statsforvaltaren har heller ikkje gjort greie for korleis kompensasjon er vurdert i samband med alternative lokaliseringar, jf. KU-forskrifta § 19, som krev at relevante og realistiske alternativ skal utgreiast og samanliknast med omsyn til verknader for miljø og samfunn.

Slik saka står, er økologisk kompensasjon verken utgreidd, vurdert eller sikra. Økologisk kompensasjon var heller aldri ein del av høyringa. Etter vår vurdering skapar dette ein uheldig presedens der kompensasjon kan nyttast som grunnlag for å legitimere inngrep i natur av nasjonal verdi utan at det er undersøkt om kompensasjon faktisk er mogleg, om tilsvarande naturverdiar finst, eller om økologiske funksjonar kan erstattast.

## **9 Vassmiljø og vassdirektivet**

Statsforvaltaren har ikkje vurdert korleis tiltaket vil påverke miljøtilstanden i Nordgulen i tråd med krava i vassforskrifta, som gjennomfører EUs vassdirektiv i norsk rett. Slik vi forstår Vassdirektivet, byggjer dette på eit grunnleggjande prinsipp: det er forbode å forringe miljøtilstanden i ei vassførekomst, med mindre svært strenge vilkår for unntak er oppfylt. EFTA-domstolen har i si rådgivande uttale i Førdefjordsaka (E-13/24) slått fast at økonomiske omsyn, arbeidsplassar eller lokal næringsutvikling ikkje kan brukast som sjølvstendig grunnlag for å tillate forverring av miljøtilstanda. ESA har på bakgrunn av dommen gjenopna saka mot Noreg nettopp fordi norske myndigheiter har brukt denne typen argumentasjon for å legitimere miljøforringing.

Statsforvaltaren gjer den same feilen i stadfestingsvedtaket når dei hevdar at sterke naturverdiar kan setjast til side fordi tiltaket «*legg til rette for næringsutvikling, grøn omstilling og arbeidsplassar*», utan å sjølvstendig gjere greie for den faktiske samfunnsnytta av etableringa. Statsforvaltaren har heller ikkje vurdert samfunnsnytta av å finne ein meir eigna lokasjon der ein kan utnytte biprodukt, slik som tilsvarande planar i Skipavika<sup>41</sup>, i Vestland fylke.

---

<sup>41</sup> <https://fuella.no/projects/project-skipavika/>

I KU (s. 209) er gytefeltet for kysttorsken i Nordgulen vurdert som «noe forringet» av planane, utan at risiko eller konsekvensar av ammoniakkutslepp er vurdert. Dersom tiltaket kan forverre miljøtilstanden i ein terskelfjord med dokumentert sårbarheit og dårleg kjemisk tilstand, må Statsforvaltaren først vurdere om forverring faktisk kan skje, og deretter om vilkåra for unntak frå forbodet mot forverring er oppfylt. Vi nemner her at ROS-analysen viser at det er fleire risikofaktorar med middels sannsyn for uhell (1 gang per 10 – 100 år) som kan føre til ammoniakkutslepp eller andre utslepp til fjorden (herunder brann, ekstrem nedbør, stormflo, skadar på infrastruktur og datasvikt/dataangrep). Vi viser her igjen til planane i Skipavika<sup>42</sup> der akutt forureining via vassbehandling er vurdert til gjennomsnittleg sannsynlighet, og Teknisk Ukeblad<sup>43</sup> sin artikkel omhandlande konsekvensane og risiko for utslepp.

Statsforvaltaren gjer, i likheit med kommunen, inga sjølvstendig vurdering av korleis vassforskrifta kjem til anvending, eller korleis tiltaket vil påverke miljøtilstanden i vassførekomstane i Nordgulen. I vedtaket viser dei utelukkande til kommunen og tiltakshavar sine eigne vurderingar, og skriv at reguleringsplanen «*i seg sjølv ikkje opnar for utslepp*» og at det i plansaka har blitt vurdert at inngrepa «*ikkje vil føre til at miljømåla for vassførekomsten ikkje vert nådd*».

*Vi gjer også merksam på at reguleringsplanen i seg sjølv ikkje opnar for utslepp og alle utslepp, både til sjø og luft, krev løyve etter forureiningslova. I plansaka er det vurdert at dei inngrepa og tiltaka som er planlagde ikkje vil føre til at miljømåla for vassførekomsten ikkje vert nådd, jf. vassforskrifta §§ 4 til 7, jf. 12.*

Dette er ikkje ei vurdering etter vassforskrifta, Naturvernforbundet meiner dette er ei ukritisk vidareformidling av tiltakshavar sine påstandar.

Vassdirektivet krev at forvaltninga sjølv vurderer om tiltaket kan forringe miljøtilstanden, og om vilkåra for unntak er oppfylt. Dette er særleg viktig i ein terskelfjord som Nordgulen, der sjølv små utslepp kan gi store økologiske konsekvensar, og ammoniakkutslepp bevisleg ikkje er vurdert i KU. Når Statsforvaltaren ikkje sjølvstendig vurderer samla påverknad frå

---

<sup>42</sup> [14. Miljørisiko og beredskap datert 28.08.2024.pdf](#)

<sup>43</sup> <https://www.tu.no/artikler/gronn-skipsfart-slik-verner-vi-fjordene-mot-ammoniakkutslipp/572908>

nitrogen, ammoniakk, varmtvatn, skipstrafikk, og heller ikkje vurderer korleis tiltaket kjem på toppen av eksisterande belastning frå Bremanger Quarry, Elkem eller Forcit, er det i strid med både vassforskrifta og naturmangfaldlova.

Når Statsforvaltaren i staden baserer vurderinga på «*samfunnsmessige fordelar*», utan at dei vurderte alternativvurderingar i sine fråsegn frå 19.02.2025, byggjer dei på eit rettsleg grunnlag som EFTA-domstolen allereie har slått fast er feil. Dette gjer at stadfestingsvedtaket ikkje oppfyller krava i vassdirektivet, vassforskrifta eller naturmangfaldlova, og det må difor opphevast.

## **10 Mangelfull vekting av samfunnsinteresser**

Statsforvaltaren skriv i vedtaket at «*det må likevel leggjast vekt på tilrettelegging for næringsutvikling, grøn omstilling og arbeidsplassar*» når dei set sterke naturverdiar til side. Dette er ei type argumentasjon som ikkje samsvarar med vurderingar frå andre statsforvaltarar i tilsvarende saker. Setninga liknar direkte på den typen feilaktig vekting som vart utfordra i Fjordsøksmålet som nemnt i førre punkt, og som EFTA-domstolen i 2025 slo fast at ikkje er lovleg etter vassdirektivet.

Den 10.06.2026 slo Miljødirektoratet<sup>44</sup> vedtaket for Verholmen (2026) fast at Statsforvaltaren ikkje kan bruke udokumenterte eller generelle påstandar om «samfunnsnytte» som grunnlag for å overstyre alvorlege miljøulemper. I Verholmen-saka vurderte Statsforvaltaren at naturpåverknaden var stor og kunnskapsgrunnlaget mangelfullt, men gav likevel løyve med den grunngjeving at fordelane for lokalsamfunnet var «overveiende store». Miljødirektoratet omgjorde vedtaket og presiserte at samfunnsnytte må vere konkret, dokumentert og vurdert opp mot miljøulemper.

Basert på vedtaket meiner vi at Statsforvaltaren ikkje kan basere seg på generelle påstandar om arbeidsplassar eller lokal utvikling når planar inneber dokumentert skade på nasjonalt viktige naturverdiar og medfører forringing av eit verneområde, spesielt i dei tilfelle der Statsforvaltar bevisleg ikkje har vurdert lokale alternativvurderingar i sine fråsegn (side 19 i stadfestingsvedtaket), til tross for at desse vart oversendt 29.11.2024<sup>45</sup>:

---

<sup>44</sup> [https://www.birdlife.no/innhold/bilder/2026/06/11/12434/vedtak\\_verholmen.pdf](https://www.birdlife.no/innhold/bilder/2026/06/11/12434/vedtak_verholmen.pdf)

<sup>45</sup> [Oversendelse av alternativvurderingar 29.11.2024 frå Bremanger kommune til SFVL](#)

***Vi viser til at vedlegg 13, der alternative lokasjoner i Bremanger kommune er vurdert, er datert 20.03.2025, altså etter Statsforvaltaren heldt fast ved at alternativvurderinga var mangelfull.***<sup>46</sup>

I denne saka er det openbart at Statsforvaltar i Vestland tilsidesetter svært viktige nasjonale naturverdiar, for samfunnsnytte, utan å sjølvstendig vurdere samfunnsnytta eller eingong vurdere dette opp mot fagleg begrunna usikkerheit rundt ammoniakkbruk i skipsfart<sup>47</sup>. Vi viser til at Statsforvaltar på side 11 i stadfestingsvedtaket skriv følgande:

*Det går fram av klagane at tiltaket utgjer ein reell risiko for negative konsekvensar for Tennøyane naturreservat, marine naturtypar, verneverdig furuskog og regnskog, vasskvalitet, vassførekomstar i området og naturmangfald utanfor planområdet. Verken Bremanger kommune eller Statsforvaltaren er ueinig i dette. Det sentrale i saka er korleis desse konsekvensane er vurderte og vekta opp mot andre interesser.»*

Og vidare side 13:

*Vi viser til at avgjerda om å sette omsynet til sterke naturverdiar til side er basert på at Bremanger kommune har vekta samfunnsinteressene lokalt og nasjonalt som større enn dei lokale ulempene ved nedbygging av naturen på Holmaneset.*

*Det synest som klart at alle forstår at det er svært viktige naturverdiar som blir nedbygde, og at tiltaket vil kunne få lokale konsekvensar for omkringliggande naturmangfald. Det må likevel leggjast vekt på tilrettelegging for næringsutvikling, grøn omstilling og arbeidsplassar.*

Statsforvaltaren nyttar samfunnsnytte som grunnlag for å akseptere forverring av naturtilstand og auka samla belastning i Nordgulen, utan dokumentasjon, utan sjølvstendig vurdering av alternativ og utan å skilje mellom private bedriftsinteresser og reelle samfunnsinteresser.

---

<sup>46</sup> [Sjå Vurdering av alternative lokasjoner for hydrogen- og ammoniakkfabrikk i Bremanger kommune \(pdf, 2,6MB\)](#)

<sup>47</sup> <https://cicero.oslo.no/no/artikler/hydrogen-skaper-bolger-fra-brussel-til-bremanger>  
<https://cicero.oslo.no/no/artikler/usto-kurs-mot-ammoniakkdrevet-sjofart>  
<https://www.tu.no/artikler/forsker-usikkert-om-ammoniakk-er-en-god-klimalosning/563544>

Dette er i strid med naturmangfaldlova §§ 7–12, vassforskrifta og EFTA-domstolen si rettsforståing. Når Statsforvaltaren i tillegg ikkje har gjort sjølvstendige vurderingar av nitrogen, utslepp, regnskog, flaggermus og raudlista moseartar, byggjer vedtaket på eit mangelfullt og feil rettsleg grunnlag.

## **11 Holmanes-saka og Riksrevisjonen sin rapport frå 28.04.2026**

Vi viser til Riksrevisjonen sin rapport frå 28.04.2026<sup>48</sup> *Kartlegging av naturverdier og klimaeffekter som grunnlag for beslutninger i arealforvaltningen* som påpeikar at Noreg bygger ned verdifull natur, men at det er svakheiter i kunnskapsgrunnlaget.

I kapittel 12.3.3 skildrar rapporten at mange av naturkartleggjarane opplever forsøk på påverknad frå bestillaren av kartlegginga, og at 2/3 av naturkartleggjarane meiner det er problematisk at utbyggjar bestiller kartlegginga. I kapittel 12.3.7 kjem det fram at 44 % av kommunar ikkje kvalitetssikrar kartleggingane som blir gjennomført av forslagsstillarar. I kapittel 12.3.8 står det at Statsforvaltarar har opplyst at kvaliteten på KU er ei utfordring, og at «Ofte mangler både nullalternativer og vurdering av alternative løsninger. I tillegg blir influensområder definert på en måte som kamuflerer inngrep». Naturvernforbundet er av den oppfatninga at områdereguleringsplanen på Holmaneset er eit skuleeksempel på problema som blir skildra i Riksrevisjonen sin rapport, og at dersom SFVL hadde følgd same forvaltningsskikk som andre Statsforvaltarar, skulle dette forholdet ha løyst ut motsegn i denne saka. Utdrag frå nemnte kapittel:

*Statsforvalterne opplyser at de og andre med innsigelsesrett fremmer innsigelser, også på reguleringsnivå. Alle peker på at kvaliteten på konsekvensutredninger er en hovedutfordring. De viser til svake naturkartlegginger, bruk av konsulenter uten nødvendig fagkompetanse og metodiske tilpasninger som gir misvisende resultater. Ofte mangler både nullalternativer og vurdering av alternative løsninger. I tillegg blir influensområder definert på en måte som kamuflerer inngrep. Det kan for eksempel skje hvis virkningsområdet avgrenses for tett rundt selve tiltaket. Da kan effekter som strekker seg over større økologiske sammenhenger, som leveområder for arter, bli underkommunisert. Resultatet kan bli at store areal- eller artskonsekvenser ikke synliggjøres.*

---

<sup>48</sup> [Kartlegging av naturverdier og klimaeffekter som grunnlag for beslutninger i arealforvaltningen](#)

Riksrevisjonen peika på at mangelfulle naturkartleggingar, svake konsekvensutgreiingar og metodiske tilpassingar som kamuflerer inngrep er ei hovudutfordring i arealforvaltninga. Desse forholda er direkte relevante i denne saka, og dei samsvarer med dei konkrete svakheitene vi har påvist over.

Når Riksrevisjonen samtidig anbefaler at Kommunal- og distriktsdepartementet styrkjer rettleiinga til kommunane, sikrar betre kvalitet i naturkartleggingar og medverkar til eit felles, objektivt kunnskapsgrunnlag, understrekar dette behovet for at departementet grip inn i denne konkrete saka. Etter vår vurdering er manglane så alvorlege at dei må føre til omgjering. Vi ber difor om at departementet nyttar sin kompetanse til å rette opp dei rettslege og faglege feila som ligg til grunn for vedtaket, slik at planlegginga skjer i tråd med nasjonale mål for natur, klima og forsvarleg arealforvaltning.

## **12 Konklusjon**

På bakgrunn av dei omfattande saksbehandlingsfeila som er dokumenterte ovanfor, og gjennom andre partar sine anmodning om omgjeringar, meiner vi at Statsforvaltaren sitt stadfestingsvedtak ikkje oppfyller dei rettslege krava som gjeld for behandling av saker med nasjonale naturverdiar, verneområde og sårbare vassførekomstar.

Feila gjeld både manglande kunnskapsgrunnlag, manglande sjølvstendige vurderingar, feil rettsleg forståing av naturmangfaldlova §§ 7–12 og 49, feil bruk av nullalternativ, feil bruk av samfunnsnytte som vurderingsmoment, manglande kontrollering av alternativvurderingar, og manglande vurdering av vassforskrifta og vassmiljø, noko som openbert har påverka resultatet. Vi viser til Veikart for grønt industriløft sitt klare prinsipp om at «klima og natur må sjåast i samanheng, slik at viktig natur og økosystem ikkje går tapt for å nå klimamål»<sup>49</sup>.

Når eit vedtak er basert på feil faktum, feil rettsleg forståing og manglande vurderingar av nasjonale og internasjonale miljøforpliktingar, ligg saka innanfor dei tilfella der overordna myndigheit har plikt til å gripe inn. Etter forvaltningslova § 35 og naturmangfaldlova § 49 er det departementet som har kompetanse og ansvar for å rette opp slike feil, særleg når vedtaket

---

<sup>49</sup> [https://www.regjeringen.no/contentassets/b5a51f3220474b3197ea21feb260f5b3/no/pdfs/veikart-2\\_0-gront-industriloft.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/b5a51f3220474b3197ea21feb260f5b3/no/pdfs/veikart-2_0-gront-industriloft.pdf)

gjeld verneområde, regnskog, raudlista artar og vassførekomstar som er omfatta av vassdirektivet.

Statsforvaltaren kan ikkje rette opp desse feila sjølv, då dei spring ut av manglande sjølvstendige vurderingar og feil rettsleg metodebruk som har vore gjennomgåande heilt sidan fråsegna vart gitt i februar 2025.

Vi ber difor om at Kommunal- og distriktsdepartementet tek saka til behandling, vurderer vedtaket etter forvaltningslova § 35 og naturmangfaldlova §§ 8-12, og 49, og gjer om stadfestingsvedtaket. Saka må sendast tilbake til Statsforvaltaren for ny behandling med krav om fullstendige, fagleg forsvarlege og sjølvstendige vurderingar i tråd med gjeldande lovverk, KU forskrifta og Noreg sine internasjonale forpliktingar.

**Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane,**

v/ fylkesstyret 2026



**Naturvernforbundet**  
Sogn og Fjordane

E-post: [sognogfjordan@naturvernforbundet.no](mailto:sognogfjordan@naturvernforbundet.no)

organisasjonsnummer: 997950623